

Tips til lag/organisasjonar i Luster for å markedsføre/informere om aktivitetar i ein felles kalender for heile kommunen.

www.luster.friskus.com



friskus.com



Enkelt å delta, enkelt å organisere, for alle!

STEG 1:

1. Opprett ei gruppe på Friskus ved å gå inn på: www.luster.friskus.com
2. Trykk på «bli arrangør» og fyll ut skjema.

STEG 2:

1. Legg ut aktivitetar på di arrangørsida
2. Trykk på «kalender» og «opprett ny aktivitet», fyll ut skjema.

Tips til korleis lage «gode aktivitetar»:

- Skriv kort og tydeleg, ver konkret!
- Kva skal skje/kva skal føregå på arrangementet?
- Kven passar aktiviteten for? (skriv noko som gjer at folk vil delta)
- Kva må eg gjere i forkant? (gjere det trygt å komme første gangen)
- Svar ut: KVA, KVEN, KOR og KORLEIS (KVIFOR)
Kva er dette? Kven er dette for?, Kva skjer og korleis skal eg delta?

STEG 3:

- Del gjerne aktiviteten på facebook!
- Informer foreldregruppa/andre om å gå inn på Friskus for å finne aktivitetar

Eksempel på aktivitet:



Arrangement
Tur rundt Drømmevatnet

OM DISKUTER

Arrangeres av:
Frisklivsentral Snillbu

INVITER

Beskrivelse
Vi er ein gjeng med turlagde menneske som samlast tre dagar i veka og går tur saman rundt Drømmevatnet, i Snillbu sentrum.

Turen er ca. 4 km rundløype, på grus/sand, og relativt flatt terregn. Turen passar difor for alle, med og utan gåhjelpemiddel og vogn.

Oppmøtestad er utanfor Bibliotek Snillbu, og me avsluttar same stad. Du kan koma til biblioteket med buss nr 5 og 13.

Vi tar pausar undervegs, og passar på at alle er med :) Vi har det veldig kjekt i lag, og vonar du har lyst å bli med! Kanskje du treffer ein ny turkompis?

Vis mindre...

Del med venner

17 Feb. 2020 - 24 April 2020
14:30 - 17:30

Praktisk informasjon

 Sted:
Bibliotek Snillbu, hovedinngang
Adresse:
Storgata 28, 0184 Oslo, Norge

 Kontaktperson:
Lise Berg


Velg når du vil bli med

BEKREFT **REDIGER**

Kart



Luster Fritidsfond



Sponsorar:



Alle barn og unge skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar. Om du eller nokon du kjenner har lyst til å vere med på ein fritidsaktivitet i Luster, men ikkje har økonomi til det, fins det moglegheiter for å få hjelp med dette.

Lat ikkje økonomien stoppe barn og unge frå å delta i meiningsfulle fritidsaktivitetar. Det er viktig for barn å vere med der andre barn er slik at dei kjenner seg inkludert og at dei får drive med spennande aktivitetar.

Lag og organisasjonar som søker kulturmidlar bør registrere seg i Friskus. Dette på grunn av at vi ønskjer at Friskus skal gje ein god oversikt over alt som skjer i kommunen.

Tips!

1. Skriv litt om Luster Fritidsfond under «om» delen på dykkar arrangørside. Då hjelper de oss å nå ut med informasjonen om dette til alle, og de når ut til foreldre at dei kan nytte dette tilbodet til dykkar aktivitetar!